

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 Oslo

UTTALE TIL LANDBRUKS- OG MATMELDINGA FRÅ STYRET I FJELLREGIONSAMARBEIDET

Styret i Fjellregionsamarbeidet gjev følgjande uttale til stortingsmelding nr. 9 (2011-12) om Landbruks- og matpolitikken. Uttalen tar opp dei viktigaste spørsmåla knytta til landbruk i fjellområda i Sør-Noreg.

Matproduksjon og sjølvforsyningsgrad

Styret i Fjellregionsamarbeidet ser det som positivt at regjeringa vil auke matproduksjonen i Noreg, og at auken skal skje på ein slik måte at det ikkje blir konflikt mellom dette og det å styrke landbruket i område med vanskelegare produksjonstilhøve enn på flatbygdene. I ei verd med stort behov for auke i matproduksjonen etterlyst likevel eit meir ambisiøst mål: Å auke sjølvforsyningsgraden av landbasert produksjon. Sett i høve til spørsmåla rundt mattryggleik og tilgang på mat i ein krisesituasjon, så meiner styret at regjeringa også bør ha eit mål om auka sjølvforsyningsgrad.

For mattryggleiken er det avgjørande at det over heile landet er ein infrastruktur i form av aktive gardsbruk som er i stand til å utnytte dei rike, men spreidde ressursane i inn- og utmark. Landbrukspolitikken må difor leggja opp til å styrkje bruksstrukturen i fjellbygdene, der talet på gardar i drift og med fast busetnad mange stader er under den kritiske massen. Ledige gardsbruk er dessutan attraktive stader å busetja seg. Meldinga slår fast at etterspurnaden etter slike gardsbruk er langt større enn tilbodet. Strengare reglar for buplikt vil føre til at fleire bruk blir gjort tilgjengelege for tilflytting gjennom sal. Prinsipielt bør buplikta følgje eigedomsretten, utan tidsavgrensing.

Kravet om konsesjon bør ikkje bare gjelde for eigedomar med eit visst areal jord (minst 25 daa) og skog (minst 500 daa), men også for store fjelleigedomar.

Positivt at fjellandbruket skal styrkast

Styret i Fjellregionsamarbeidet ser svært positivt på at regjeringa i den nye landbruks- og matmeldinga seier at fjellandbruket skal styrkast. Gjennom både ein varsla tydelegare distriktsprofil og ein tydelegare strukturprofil for produksjonstilskota, og ved å gjøra investeringstilskotet skattefritt i det distriktpolitiske virkeområdet, vil fjellandbruket kunna stå sterkare økonomisk.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Side: 1 av 4
Hedmark fylkeskommune	Parkgata 64	62 54 40 00	
Fjellregionsamarbeidet	E-postadresse		
Postboks 4404	fjellregionsamarbeidet@hedmark.org		
Bedriftssenteret	Internett		
N-2325 Hamar	www.fjellregionsamarbeidet.no		

Fjellregionsamarbeidet arbeider for levande og livskraftige fjellbygder.

Det er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Noreg

Vår sakshandsamar: Torunn H. Kornstad

Det er også viktig for fjellandbruket at det blir gjennomført forskingsprosjekt som viser dei fortrinna produkt produsert i fjellområda har. Ei avvikling av produksjonskravet for kulturlandskapstilskotet vil kunna få positive verknader for fjellbygdene, da dette kan gjøra at meir av kulturlandskapet vil haldast i hevd.

Tilskots- og kvotepolitikk

Hovudnæringane i landbruket i fjellområda er grasbasert husdyrhald. Svært mykje av beitebruken skjer her, men det er framleis store unytta ressursar. I samband med den ønskete styrkinga av fjellandbruket vil difor ei styrking av beitetilskotet vera viktig. I ein del av fjellområda er også setringa svært viktig, både for produksjon, kulturlandskap og som kulturarvsberar. Styret i Fjellregionsamarbeidet vil difor gjenta ønsket om at setringstilskotet blir gjort likt over heile landet, uavhengig av regionalt miljøprogram. Dette vil gje like vilkår for dei som framleis driv aktiv produksjon på setra.

Det er varsla ein gjennomgang for å forenkle kvoteordninga for mjølkeproduksjon. Dette ser styret positivt på, og bed om at det i denne gjennomgangen blir gjort lempingar i regelverket for fjellområda. Aktive produsentar med nok areal bør kunna få tildelt høgare kvote utan å måtte kjøpe dette. Dette vil gje eit betre økonomisk grunnlag for framtidige naudsynte investeringar, og kan føre til at færre sluttar som mjølkeprodusentar.

Rovdyrpolitikk

Fjellandbruket er i større grad enn anna landbruk avhengig av beite, og er utsett for rovdyr. Det er i meldinga lagt stor vekt på rovdyrforliket, og styret i Fjellregionsamarbeidet bed om at dette blir følgt nøye opp. Det er viktig at dei som driv med beitenæringar i rovdryområda får moglegheit til å leggja om drifta, men samstundes kunna halde fram med aktivt jordbruk. Det må poengterast at det skal vera mogleg å drive beitebruk utan fare for større rovdryrangrep i dei prioriterte beiteområda.

“Bygdenæringar” og bygdeutviklingsprogramma

Det er i meldinga lagt vekt på at “bygdenæringar” og utnytting av alle ressursar på garden skal gje bruka i fjellområda og andre distrikt ei styrking. Styret i Fjellregionsamarbeidet synest ikkje at det er gjort godt nok greie for korleis dette skal kunna gje styrka inntekter i fjellandbruket. Det blir i meldinga peika på at tilleggsnæringar til nå ikkje har gitt noko stort bidrag til familieøkonomien på gardane, og det er ikkje gjort greie for kva som kan endre på dette.

På einskildbruk vil det sjølvsagt vera mogleg å utvikle tilleggsnæring som gir gode inntekter. Det manglar likevel ein analyse av kva for marknad det er mogleg å nå, t.d. i fjellbygdene. Å produsere varer og tenester for den lokale marknaden er mogleg, men denne marknaden er sjeldan særleg stor i fjellbygdene, og det vil ikkje gje ei samla større verdiskaping for området å satse på dette. Ein mogleg større marknad ligg anten i reiselivet for dei bygdene som har dette som ei viktig næring, eller gjennom å distribuere til meir folketette delar av landet. Meldinga tar ikkje opp spørsmål knytt til den moglege marknaden. Dette er vesentleg for å kunna nå målet om ei betre utnytting av ressursane på gardane for å få høgare total inntekt.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Side: 2 av 4
Hedmark fylkeskommune	Parkgata 64	62 54 40 00	 <p>Fjellregionsamarbeidet</p>
Fjellregionsamarbeidet	E-postadresse		
Postboks 4404	fjellregionsamarbeidet@hedmark.org		
Bedriftssenteret	Internett		
N-2325 Hamar	www.fjellregionsamarbeidet.no		

Fjellregionsamarbeidet arbeider for levande og livskraftige fjellbygder.

Det er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Noreg

Vår sakshandsamar: Torunn H. Kornstad

I samband med dette ser ein positivt på at forvaltinga skal leggja meir arbeid i å få til møteplassar for å utvikle samarbeid mellom entreprenørane (etablerarane). Her meiner styret at det må leggjast stor vekt på å få til nettverk mellom eksisterande næringsdrivande, der tilbydarar kan organisere seg for lettare å møte krava i ein ekstern marknad. Lokalprodusert mat vil framleis vera ei viktig tilleggsnæring på gardane, og det er viktig at forvaltinga held fram arbeidet med å få slik mat inn hos matvarekjedar og reiselivsbedrifter. Regjeringa må følgje opp arbeidet i Matkjedeutvalet slik at dette blir enklare.

Det er også viktig å arbeide for auka deltaking frå næringsdrivande i landbruket på etablerarkursa. Styret er kritisk til bruken av omgrepet "bygdenæringar". Dette med grunnlag i at bygdene omfattar mykje meir enn gardar, og ein ser det ikkje som heldig at landbruket skal "monopolisere" bygdeomgrepet. Regjeringa bør difor finna eit anna omgrep for næringsverksemd som er knytta til gardar, men som ikkje er omfatta av landbruksomgrepet. I samband med forvaltinga av bygdeutviklingsmidla er det peika på at lokal forvaltning av desse fører til større engasjement og interesse rundt ordninga, og at avgjerdene bygger på lokalkunnskap. For å oppnå større effekt av ei slik lokal forvaltning så må rammene for BU-midla aukast, og da spesielt i fjellområda og andre distrikt som spesielt skal prioriterast. Regjeringa meiner at "bygdenæringane" skal få auka prioritet gjennom å sjå nærare på korleis potensiala i fjellområda kan nyttast betre. Dette er lite konkretisert, men styret håpar det legg grunnlaget for ein grundig analyse av marknad og moglegheiter for næringsutvikling knytta til landbruket.

Fjellregionsamarbeidet ser det som positivt at det skal utarbeidast regionale bygdeutviklingsprogram som omfattar regionale næringsprogram, regionale miljøprogram og regionale skog- og klimaprogram. Fjellregionsamarbeidet er likevel kritisk til at ansvaret for å utarbeide og følgje opp desse programma blir lagt til Fylkesmannen. Fjellregionsamarbeidet meiner det er uheldig at landbruksnæringane blir haldne utanfor arbeidet med den generelle regionale utviklinga som fylkeskommunane har ansvaret for, spesielt i ei rekke fjellområde der landbruksnæringane er avgjørande for den regionale utviklinga.

Innlandsfiske

I nokre av fjellområda er foredling av fisk ei viktig næring, særleg som rakfisk. Fjellregionsamarbeidet ser positivt på at regjeringa nå lempar noko på kvotepolitikken i høve til oppdrett av fisk, og bed om at det i framtida vil bli lagt vekt på mogleg utslipp frå produksjonen, ikkje bare produsert kvantum.

Samvirket og foredlingsanlegg

Fjellregionsamarbeidet har ved fleire høve engasjert seg i spørsmål om nedlegging av foredlingsanlegg i fjellbygdene. Meldinga peikar på at samvirket har ansvar for marknadsregulering og som avtakar av råvarer. Meldinga gjev ikkje samvirket ansvaret for å sørge for at noko av verdiskapinga frå vidareforedlinga av råstoffet blir lagt til områda der råstoffet blir produsert. Dette er i staden gjort til ei sak for småskalaprodusentar. Styret vil peike på at distrikta på denne måten legg grunnlaget for mykje verdiskaping i dei sentrale regionane i landet. Dette tappar distrikta for arbeidsplassar, og den mest lønsame delen av verdikjeden blir lokalisert til sentrale område.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Side: 3 av 4
Hedmark fylkeskommune	Parkgata 64	62 54 40 00	
Fjellregionsamarbeidet	E-postadresse		
Postboks 4404	fjellregionsamarbeidet@hedmark.org		
Bedriftssenteret	Internett		
N-2325 Hamar	www.fjellregionsamarbeidet.no		

Rekruttering

Det er i meldinga vist til at rekrutteringa til naturbruksutdanningane på alle nivå er ei utfordring, og at regjeringa vil gå gjennom ein skilte av utdanningstilboda med tanke på ei revidering. Det er naudsynt for landbruksnæringane at næringsutøvarane har høg kompetanse, slik at dette arbeidet er svært viktig.

Fjellregionsamarbeidet vil peike på det som er skrivi om at fylkesoverskridande samarbeid i mange høve er ein føresetnad for å få gode regionale utdanningstilbod. For å få til slike samarbeidsordningar kan det vera naudsynt at staten også bidreg økonomisk, da det kan vera økonomisk lite lønsamt å sende elevar til nabofylket.

Det er varsla ein gjennomgang av det mat- og landbruksfaglege fagskuletilbodet. Det er viktig at det blir lagt til rette for nasjonal harmonisering av krav til og innhald i fagskuletilboda, og korleis studia kan harmoniserast med øvrige utdanningsløp innan naturbasert utdanning. Styret ser det som viktig at det blir oppretta fagskuletilbod for fjellområda, med basis i jordbruk, skogbruk og nytting av alle ressursar knytta til gardane.

Med venleg helsing

Svein Borkhus
leiar

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Side: 4 av 4
Hedmark fylkeskommune	Parkgata 64	62 54 40 00	 <p>Fjellregionsamarbeidet</p>
Fjellregionsamarbeidet	E-postadresse		
Postboks 4404	fjellregionsamarbeidet@hedmark.org		
Bedriftssenteret	Internett		
N-2325 Hamar	www.fjellregionsamarbeidet.no		